

Venstre er hjertesida.

Luster Venstre vil:

- ✓ sikra ressursar i open omsorg og ordningar for avlastingar, førebygging og rehabilitering
- ✓ ha velfungerande korttids- og «øyeblikkeleg» hjelpeavdeling i Gaupne og samtidig å ta vare på institusjonstilboda i Luster og på Hafslo
- ✓ samarbeida med frivillige organisasjonar om folkehelse-tiltak, særleg nærmiljøanlegg og turstiar
- ✓ sikra kompetanse og ressursar for førebyggjande tiltak i barnehage og skule

Arbeid

Alle menneske er ein ressurs for fellesskapen. Venstre vil satse på tilrettelegging av arbeidspraksis (sommarrjobb, lærlingeplassar, arbeidsplassar med opplæring).

Luster Venstre vil:

- ✓ legga til rette for arbeidsplassar til personar som har vanskar med å meistra vanleg arbeid
- ✓ redusera uønskte deltidsstillingar med arbeidsavtalar som tener både tilsette og arbeidsgjevar
- ✓ ha fleire lærlingeplassar og oppretthalda sommarjobbtilbodet for 16- og 17-åringar
- ✓ gje eldre høve til opplæring i bruk av nye teknologiske hjelpemiddel



Jon Ove Lomheim
Venstre sin ordførarkandidat

Jon Ove Lomheim er fødd i 1953 og busett på Hafslo.

Han er sivilingeniør med erfaring som leiari av ingeniørverksemd og hatt fleire verv i selskap og frivillige organisasjonar.

Han har vore medlem av kommunestyret i 24 år og i formannskapet siste periode.

Jon Ove engasjerer seg i saker for både unge og eldre, kultur, samferdsel og infrastruktur.

Våre 21 listekandidatar representar heile kommunen og eit mangfald i alder, yrke og samfunnsengasjement. Det er veljarane som avgjerd rekkjefølgja på lista og dermed kven som skal representere Venstre i kommunestyre, i utval og nemnder dei neste 4 åra.

Venstre sine kandidatar i Luster



1. Jon Ove Lomheim
(f.1953) Hafslo



2. Mary Aasen
(f. 1952) Jostedal



3. Einvald Søreide Erichsen
(f. 1977) Luster



4. Sandhya Karlsen Holene
(f. 1984) Hafslo



5. Kristoffer J. Melheim
(f. 1946) Marifjøra

6. Are Lindar Langebeck
(f. 1965), Skjolden

7. Jeanette Aaland Brun
(f. 1985), Jostedal

8. Geirr Vetti
(f. 1961), Skjolden

9. Tordis Skjerdal Rauboti
(f. 1954), Solvorn

10. Olav Krokilgja Stølen
(f. 1931), Jostedal

11. Ellen Borch Veum
(f. 1960), Gaupne

12. Øyvind Kvalen
(f. 1955), Ornes

13. Judith Gausdal
(f. 1958), Hafslo

14. Vidar Aasen
(f. 1979), Jostedal

15. Torill Yttri Otterhjell
(f. 1954), Fortun

16. Styrk-Andre Hofslundsengen
(f. 1982), Hafslo

17. Jannike Skår
(f. 1970), Solvorn

18. Einar Ese
(f. 1953), Jostedal

19. Liv Norunn Hunshamar
(f. 1961), Luster

20. Eirik Kvalen
(f. 1954), Gaupne

21. Steinar Bruheim
(f. 1955), Jostedal

Vil du vera med å hjelpa oss med gjennomslag på vare saker, så stemmer du Venstre ved valet!




VENSTRE

Foto:

Les meir om våre kandidatar og heile valprogrammet på våre nettsider:

www.luster.venstre.no

Luster Venstre



Valprogram.
2015-2019

VENSTRE
Folk først.



Venstre har ein plan for Luster kommune.

Grøn vekst, førebygging og unge først

Venstre er der du bur

Me må ha fridom for å ta ansvar. Liberal politikk for Venstre betyr å arbeida for mangfald i samfunnet. Mellom menneske skal det vera toleranse og respekt. Omsynet til den enkelte og framtida bestemmer våre prioriteringar; difor har dei unge prioritet. Med grøn vekst er målet å bruka naturen sine ressursar utan å øydelegga dei, og me skal bruka fornybare ressursar med ny teknologi. I Luster legg Venstre leggja vekt på utnytting av fornybare ressursar til lokal verdskaping. Dette omfattar satsing på produksjon av varer og tenester som kan forbrukast lokalt.

Miljø

Naturgrunnlaget skal sikra økologisk og biologisk balanse. Dette får me til gjennom å forvalta våre ressursar og bruka teknologi som tek omsyn til natur og miljø. Sikker og trygg mat blir viktigare med framtidige klimaendringar. Me må ha betre jordvern!

Luster Venstre vil:

- ✓ ha sterkt jordvern og krav om høg utnytting når dyrka mark vert teke i bruk til utbygging

- ✓ kartlegga råstoffgrunnlaget lokalt og leggja vekt på teknologi som tek vare på ressursane til etterkomarane
- ✓ at natur, miljø og samfunn skal vega tyngst ved utbygging av kraftverk og bruk av utmarks- og friluftsområde
- ✓ prioritera energieffektiv teknologi
- ✓ at rovdyr ikkje skal akseptast utafor godkjent rovviltområde
- ✓ arbeida vidare med å få til igjen villreinstamme i Breheimen
- ✓ redusera miljøskader, mellom anna uheldig grasvekt i Hafslovatnet
- ✓ ha fleire ladestasjonar for el-bilar i kommunen

Landbruk og næring

Framtida sine arbeidsplassar er enno ikkje skapte. Venstre støttar nyskaparar og grøn vekst og sleppa fram dei som torer å satsa. Landbruket skal vera ei viktig næring i kommunen.

Luster Venstre vil:

- ✓ involvera ungdom i næringsarbeid og aktivitetstilbod
- ✓ ha nyetableringar og tiltak med teknologi som gjev grøn vekst (til dømes datalagringscenter)
- ✓ auka delen med rentefrie lån til investering
- ✓ oppretthalda buplikt, men



arbeida for betre vilkår med endra lovverk, høgare prisnivå, frådelling av større tomter ved eigarskifte

- ✓ ha nisjeproduksjon i landbruket, mellom anna gardsturisme og lokal matproduksjon med økologisk landbruk
- ✓ fortelja storsamfunnet om kvalitetane i kommunen for å auka tilflytting

Framtida tilhøyrer dei unge

Barn og unge må vera fri til å organisera sin eigen kultur. Kulturskulen er den viktigaste arenaen for å gi barn og unge høve til å skapa kulturuttrykk. Talenta må ha

fridom til sjølv å finne dei løysingane som gir best fritidstilbod.

Kultur

Me vil ha eit sosialliberalt samfunn der kulturen avspeglar mangfald. Kulturminna pliktar me å ta vare på for komande slekter. Frivillige organisasjonar er viktig for kulturtilbod, læring og trivsel.

Luster Venstre vil:

- ✓ ha gode og sikre transportilbod for unge
- ✓ at organisasjonar også i framtida skal få bruka offentlege lokale gratis
- ✓ sikra tilskot til private forsamlingshus på stader utan offentlege tilbod
- ✓ oppretthalda bibliotek som

kulturinstitusjon, særleg for innvandrarar

- ✓ auka midlar til nærmiljøtiltak og møteplassar for alle, men særleg for unge
- ✓ utvikla Sogn skisenter for vinteridrett og Luster idrettspark i Gaupne for sommaridrett
- ✓ arbeide for nytt fleirbrukshus i Gaupne og større samfunnssal på Hafslo
- ✓ sikra stadnamn, eldre foto, film, folkeminne og lokale tradisjonar
- ✓ ha føreseielege tilskotsordningar for frivillig arbeid og stimulera til kulturell satsing og utvikling

Barnehage og skule

Venstre vil ha sterk offentleg barnehage og skule med SFO. Skulestrukturen må oppretthaldast.

Luster Venstre vil:

- ✓ at barnehage og skulen bør ha felles plattform samstundes som den enkelte barnehage og skule får ta vare på sitt særpreg
- ✓ prioritera tiltak for barn med særleg behov i barnehage og dei første skuleåra
- ✓ at skulane skal ha fysisk aktivitet og kosthald for betre læring
- ✓ at leksehjelp skal styrast av pedagog, og at skulefritidsordninga skal vera aktivitetsorientert
- ✓ ha kompetanseheving og gode arbeidsvilkår for dei tilsette for nye utfordringar
- ✓ sikra standard på IKT, bygningar og uteområde

Folk treng trivsel

Sosiale nettverk der barn, unge og vaksne får delta ut i frå sine føresetnader skapar trivsel og identitet. Offentlege støtte må kanalisert til det lokale engasjementet og sikre mangfoldet av aktivitetar. Venstre vil leggja til rette for breiddeanlegg slik at nye idrettar får vekstvilkår.

Samferdsle

God standard på infrastruktur (vegar, breiband mv) er viktig for busetjinga og trivselen i heile kommunen og arbeidssituasjonen for innbyggjarane.

Luster Venstre vil:

- ✓ ha tofeltsveg (gul stripe) gjennom heile kommunen og tunnel mellom Luster og Lom
- ✓ ha strakstiltak på trafikkfarlege vegstrekningar (t.d. Røneidstunnelen) og «flaskehalsar» (t.d. fylkesvegen Skjolden – Ornes)
- ✓ ha meir fartsreducerande tiltak, spesielt nær barnehage og skule og prioritera midlar til trafikktryggleik, rulleskianlegg, gang- og sykkelvegar og turstiar
- ✓ delta aktivt for investeringar som styrkar rutetilbodet ved Sogndal lufthamn

Helse og omsorg

Det er ikkje naudsynt å gje meir til alle, men å dela slik at alle har nok. Luster Venstre vil prioritera dei som treng det mest. Folkehelsearbeidet skal omfatta offentleg innsats og folkeleg engasjement for livsstil og helse.